

---

Saksnr: 2020/79495-1  
Saksbehandlar: Åge Avedal

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.01.2021

## Revidering av retningslinjer, tilskot til kulturbygg

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek reviderte retningslinjer for ordninga tilskot til kulturbygg i Vestland

Samandrag

Tilskot til kulturbygg i Vestland er finansiert gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Den årlege tildelinga av spelemidlar til ordninga vert fordelt av Kulturdepartementet, og ordninga vert forvalta av fylkeskommunane. Hovudutval for kultur, idrett og integrering prioriterer søknadene ut frå føremål og prioriteringar i retningslinjene og innanfor ramma av spelemidlar.

Hovudutvalet vedtok retningslinjer for tilskotsordninga på møte 21. januar 2020. Det blir no lagt fram forslag til reviderte retningslinjer, i tråd med endra retningslinjer frå Kulturdepartementet og utifrå erfaringane frå søknadsrunden i 2020.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Ronny Skaar  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Retningslinjer - tilskot til kulturbygg i Vestland 2021
- 2 Tidlegare retningslinjer - tilskot til kulturbygg i Vestland

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tilskot til kulturbygg har vore ei støtteordning i fleire tiår, basert på overskotet av statlege spel, kalla spelemidlar. Den årlege tildelinga vert fordelt av Kulturdepartementet og forvalta av fylkeskommunane. Kulturdepartementet har fastsett retningslinjer for desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg, gjeldande frå 1. januar 2019. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok retningslinjer for ordninga i Vestland i sak 3/2020, 21. januar 2020. Retningslinjene bygde på retningslinjene for ordninga vedtatt i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune.

I forslaget til reviderte retningslinjer har vi tatt inn dei endringane Kulturdepartementet har gjort i ordninga, og erfaringane frå søknadsrunden i 2020. Forslaget til retningslinjer for tilskot til kulturbygg i Vestland har to delar. Den første delen byggjer på Kulturdepartementet sine retningslinjer. Den andre delen som er foreslått inneheld mellom anna prioriteringar, avgrensingar, vilkår og opplysningar om saksgangen.

I dei regionale planane for kultur i Hordaland og Sogn og Fjordane er kulturbygg og arenaer for kultur mellom anna omtalt gjennom følgjande mål:

*I Sogn og Fjordane vil vi at:*

- *Kulturhusa vert utvikla vidare som gode møtestader for alle slags kulturaktivitetar.*
- *Løyvingane frå spelemidlane til kulturbygg vert auka.*
- *Kommunane og fylkeskommunen må ha oversyn over alle kulturhusa i fylket, og i samarbeid med frivillige organisasjonar på fylkesnivå, som Sogn og Fjordane ungdomslag og Huset i bygda, kunne gi råd og rettleiing om drift og utvikling av kulturhusa.*

### *2. Arenautvikling - infrastruktur*

*Mål:*

1. *Hordaland skal ha god dekning av kultur- og idrettsarenaer som er tilgjengelege for alle, og som legg til rette for aktivitet og oppleving.*
2. *Kulturpolitikken skal legge til rette for tilgangen til både regionale og lokale kultur- og idrettsanlegg, kulturminne, kyrkje, kulturlandskap og aktivitetsområde for friluftsliv.*

I 2020 kom det inn i alt 55 søknader om tilskot til kulturbygg i Vestland. 46 av søknadene vart godkjent av fylkeskommunen, då dei stetta krava i tilskotsordninga. Godkjent søknadssum var på 27 616 575 kr, og det vart tildelt i alt 6 288 000 kr. Berre 17 av dei 46 søknadene vart tildelt midlar, grunna lite midlar i ordninga. Søkjarar som har fått godkjent søknaden, men avslag grunna manglande midlar, kan fornye søknaden i 2021.

Både det offentlege, frivillige lag og organisasjonar, stiftingar og ulike selskap kan søkje om tilskot til kulturbygg, så sant føremålet til organisasjonen ikkje er økonomisk vinning. Svært mange av dei lokale kulturbygga/-arenaene er eigd av organisasjonar. Mange kommunar er også eigarar av lokale kulturhus eller kulturarenaer med regional funksjon.

### **Endring av retningslinjene**

Fylkesdirektøren foreslår å vidareføre mykje av innhaldet i retningslinjene for ordninga. Vi har lagt inn endringane som er vedtatt av Kulturdepartementet under del 1 av retningslinjene.

I del 2 fastset fylkeskommunen eigne krav og prioriteringar. Den største endringa gjeld prioriteringa ved tildeling av midlar (punkt 2.1). Fylkesdirektøren foreslår her at lokale kulturbygg og -arenaer vert prioritert, og vidare at vi skal leggje vekt på fornya søknader, kommunale prioriteringar, kommunal medfinansiering og geografisk breidde i prioriteringa. Fylkesdirektøren foreslår å ta ut formuleringa om at kulturbygg med regionale funksjonar har prioritet. Dette fordi fylkesutvalet i september 2020 vedtok å opprette ei eiga tilskotsordning for kulturarenaer med regionale funksjonar, og for å kunne prioritere lokale kulturarenaer gjennom spelemidlane. I 2020 var fire av i alt 55 søknader om tilskot i ordninga frå kulturarenaer med regional funksjon.

Fylkesdirektøren foreslår også å endre punkt 2.5.2 (tidlegare punkt 2.9.2), slik at det ikkje lenger blir opna for at søknad kan fremjast seinast kalenderåret etter at anlegget er ferdigstilt. I forslaget til nytt punkt blir det slått fast at søknad må fremjast seinast i det kalenderåret tiltaket på

bygget/arenaen er påbegynt. Dette for å unngå søknader frå bygg/arenaer som allereie er ferdigstilt, som derfor burde ha søkt på ordninga tidlegare.

Dei andre endringane i retningslinjene er språklege og vil ikkje medføre praktiske endringar. Under del 2 er det flytta om på ein del punkt samanlikna med tidlegare retningslinjer for å gje betre oversikt.

### Reduserte midlar til kulturbygg

Spelemidlane til kulturbygg har blitt redusert på landsbasis dei seinare åra. I 2012 var det i alt 130 millionar kr til kulturbygg. I 2020 vart det frå Kulturdepartementet tildelt 55 millionar kr gjennom den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg. Behova for støtte til nybygg, rehabilitering og oppgradering av kulturbygga ser likevel ikkje ut til å ha blitt mindre om ein ser på talet søknader og kor mange kulturbygg som er godkjent, men har fått avslag på grunn av lite midlar.

Kulturdepartementet varslar både i kulturmeldinga, *Meld.St. 8 Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida* og i frivilligheitsmeldinga, *Meld. St. 10 Frivilligheita - sterk, sjølvstendig, mangfaldig* at regjeringa vil vurdere innretning og fordeling av spelemidlar til kulturbygg innanfor ramma av tippenøkkelen.

### Budsjettvedtak 2021:

Fylkestinget vedtok følgjande i budsjettet for 2021 som gjeld tilskot til kulturhus:

Tilskot til kulturhus	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Tilskot til kulturhus (spelemidlar)	4 667 000	3 953 000
Griegghallen	3 336 000	3 336 000
Sentralbadet scenekunsthuss	5 000 000	5 000 000
Sum driftsutgifter	13 003 000	12 289 000
Sum driftsinntekter	-6 405 000	-5 953 000
Netto driftsutgifter	6 598 000	6 336 000

Fylkesutvalet vedtok i møte 17. september 2020 retningslinjer for tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar, med søknadsfrist 20. oktober. Ved fristen var det kome inn åtte søknader. Fylkestinget vedtok i samband med budsjett 2021 å ikkje tildele midlar til nokre av søkjarane. Her er tabell som viser søkjarane og søknadsbeløp:

Søkjar / prosjekt	Totale prosjektkostnad	Søknads-sum	Tilrådd støtte
Sunnhordland museum / «Nye Sunnhordlandstunet»	61 414 977	14 585 659	0
Fartein Valen-stiftelsen / Fartein Valen Musikk- og kulturscene	2 800 000	950 000	0
Kvam kommune / Kulturhus i Kvam	101 000 000	10 000 000	0
Stiftelsen Museum Vest / Bergens Sjøfartsmuseum	24 200 000	1 500 000	0
Stiftinga Hardanger og Voss Museum / «Tett på», Kulturnaustet, Hardanger fartøyvernssenter	58 834 311	10 000 000	0
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane / Verne- og formidlingsbygg Holvikejekta	32 800 000	10 000 000	0
Askøy Brass Band / Askøy Kulturarena	24 000 000	8 000 000	0
Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter	2 957 062	967 570	0
<b>Totalsum</b>	<b>308 106 350</b>	<b>56 003 229</b>	<b>0</b>

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for folkevalde organ og delegering, og reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Dei tildelte spelemidlane vil bli delt ut til søkjarar i tråd med budsjett.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Kulturaktivitetar og kulturopplevingar har positiv verknad for folkehelsa.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Tiltaket er forankra i dei regionale kulturplanane for Sogn og Fjordane og Hordaland. Kulturarenaene er med å støtte opp under mål 3, lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, og mål 4, like moglegheiter til å delta i verdiskaping, i utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

#### Konklusjon

Fylkesdirektøren foreslår å revidere retningslinjene for tilskot til kulturbygg i Vestland. Dette i tråd med erfaringar frå søknadsrunden i 2020 og Kulturdepartementet sine endringar av retningslinjer for desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Ordninga blir lyst ut med eigne søknadsfristar i kommunane og frist for å sende over søknader til fylkeskommunen innan 30. april.